Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Nr. 11. Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Rissa.

Emne: Ymse attatfôr. Bygdelag: Nedre Rissa

Oppskr. av: Johan A. Dybdal. Gard: Kroknes

(adresse): Rissa G.nr. 82 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Sett og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): høyrd.

SVAR

I

A. Ymse röter.

1. Det er ingen tradisjon her om at folk sanka røter av noko slag til krøterfôr.

B. Bregnor og blom.

1. Ingen har veit om, at bregnor har vori nytta til krøterfor.

II. Tang og tare.

A. Tang.

1. Ingen her i bygda har nytta tang til fôr dei siste 60 år, men før den tid vart tang sanka om våren i forknipa. Berre den såkalla „sautang" vart nytta.

Det vart slege kokande hitt vatn på tangen i byttor og kar og medan han enno var varm gjevi til sauer, kyr og hestar. Alle desse åt han svært gjerne, og tang var rekna for eit godt hjelpefor. Fullt jamgod med høy.

Sankinga gjekk for seg slik at ein plukka tangen av fjæresteinane med handa. Det ~~vart~~ var berre bunka som låg til sjøen (fjæra) som sanka tang til for

2117

og berre i forkrisåra. Det var sett med vanvyrdnad på dei som „tok tang." Dei vart pålag sett i klasse med svelt-forarar.

B. Tare.

Ingen her veit av at tare har vori nytta til krötterfôr.

III Anna fôr av plantor.

Allvisst ned til 1860-70 vart turt (Mulgedium alpinum) nytta til grisefor, og for eit hende vert det gjort no og der han veks nært til garden. Men det er lite av denne planta her i bygda. Det er helst i silurliane (glimmer=skiferstroka) ein finn han.

IV. Hestmökk.

1. Ikkje no lenger vert hestmökk nytta til krötterfor openlyst, men sumt tyder på at einskilde driv med denne styggedomen i dyld like vel, – i knipne tider. Det var helst grisen dei baud denne trakteringa. Eg har sjölv sett det, – men berre ein gong, og det er no pålag 30 år sidan.

V. Sörpefôr.

1. Einskilde gardar har enno skikken med sörpefor til hestar. Det vert slege heitt vatn på halmhakk (hakkelse) og står eit döger tid til sörpa vert

2117 2. opsleg. Mjöl vert strödd på etter som

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

^ein har råd til. Noko av mjölet når ein „sett
söypa", og noko når ein gir. (Gjir)

Alle mjölslag, klid og lik eins „kraftfor"
(blandingsmjöl, kjöpefôr) vart brukt
på söypa.

3. Dei plar mask alltid å gje söypa lunka,
slik ho er ~~fôr~~ med same ein tek ho
av söypekaret.

4. Somme har prövd at nytta törka
rognbær til höns, men dyra et ho
ikkje gjerne.

Til kyr har eg ikkje höyrd nokon har
gjevi rognbær.

5. Drank har aldri stått på forlista
her, av di bygda ligg ulagleg til for
innkjöpet på brenneri.

6. Det same gjeld mask av öl som
kjöpevare.

## VI. Fiskavfall.

1. Fiskavfall som hovud og rygg av stor-
vaxen ^feit fisk vert somtid nytta til gris
og ku, koka eller „forvella" med kokande
vatn som ein slær på. Ordet „löyping"
på slikt finnst ikkje i Risør-dialekten.
„Slo" eller „fiskelo" kan ein höyra som
nemning på slikt fôr, og elles.
Ja, einskilde nytta fiskelo til fôr under
siste verdskrigen, - dei som hadde. -

2. Nei.

3. Nei.

4. Får båe delar.

2117

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5. Her i bygda er det berre ferskt avfall eïn nyttar til krötera, når det gjeld fisk som torsk, sei, hyse o.l.s.

Dersom det gjeld sild får kyra alt avfallet både etter fersk og etter salta sild, og silda heil.

Sild og sildavfall til gris er tabu no, men för i tida åt risevaningen mykje sildgrisflesk. Smaken på „sildflesket" er ikkje så ille, men lukta („löftå") frå steikpanna er verre å greida.

6. Her er det ingen som koker löypping, det eg veit. Ordet löypping har eg frå Lebesby (Finmark). ~~Hett~~ Her i bygda har dei ikkje dette ordet i målföret sitt. I Lebesby koka dei löypping på „sjösommar", under ~~kop~~ kokepanner som stode i sjögamma. (1908).

7. Vå' dè lekt seg! –

Risör, den 28. oktober 1948.

Johan I. Dybdal.

2117
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING